



Sakshandsamar:

Merete Farstad

E-post: Merete.Farstad@sfj.no

Tlf.: 97742381

Vår ref.

Sak nr.: 18/2116-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 13.03.2018

Til medlemar av Sogn og Fjordane vassregionutval

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
16 MAR 2018	
Ark. saksnr. 14/3642	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

Oppfølging av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane 2016-2021 og informasjon om oppgåver i 2018

Regional plan for vassforvaltning og tiltaksprogrammet vart vedteke av Fylkestinga i desember 2015 og godkjent av Klima- og miljødepartementet i 2016. Alle kommunar, fylkeskommunar og sektorstyresmaktar må leggje planen til grunn i si verksemd. Planen er retningsgivande. Alle tiltak for å nå miljømåla i planen skal setjast i verk innan utgangen av 2018. Vi orienterer her om korleis og når rapportering av status for gjennomføring av tiltak skal skje.

Planarbeide med å revidere planen for planperioden 2022-2027 starter i år med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget våren 2018. Sektortyresmaktar og kommunar må vurdere om dei har ny fagkunnskap om vassdrag, grunnvatn og kystvatn og snarast råd og seinast 1.5.18 sende informasjonen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Forslag til planprogram ev. framdriftsplan og arbeidsprogram og dokumentet Vesentlege vassforvaltningssspørsmål vert utarbeidd hausten 2018 og sendast på høyring innan 1.1.2019.

Viktige oppgåver i 2018 – kort oppsummering

Viktige oppgåver må gjennomførast i 2018 av kommunar, fylkeskommunar og sektorstyresmaktar. Dei viktigaste oppgåvene er:

1. Rapportering på gjennomføring av tiltak som ligg i den gjeldande vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet 2016 – 2022 (frist 1. juli eller 1. september 2018)
2. Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget (frist for innspel til oppdateringar 1. mai 2018)

Dette arbeidet dannar grunnlag for revidering av vassforvaltningsplanen. Prosessen startar med utarbeiding av to plandokument hausten 2018:

1. Planprogram – vert lagt ut til høyring 1. januar 2019
2. Vesentlege vassforvaltningssspørsmål - vert lagt ut til høyring 1. januar 2019.

Aktiviteten i vassområda er prioritert av staten. Det vert tildelt midlar til vassområda på same nivå i 2018 som for 2017. I tillegg får Fylkesmannen midlar frå Miljødirektoratet til overvaking av vassførekomstane i 2018. Overvaking av næringsstoff i vassdrag er eit viktige tema i overvakingssystemet utarbeidd av Fylkesmannen for 2018. Overvaking og/ problemkartlegging er eit prioritert område for vassområda i 2018.

Oversikt over viktige fristar for 2018 går fram av vedlegg 1.

Om pågåande prosess med endring av vassforskrifta

[Forslag til ny vassforskrift](#) vart sendt på høyring av Klima- og miljødepartementet og Olje – og energidepartementet med høyringsfrist 15.01.2018. [Høyringsinnspela](#) er tilgjengeleg på regjeringa sine nettsider. Det er føreslege ein god del endringar om organisering av arbeidet. Det er mellom anna føreslege å flytte det regionale koordineringsansvaret frå utvalte fylkeskommunar til utvalte fylkesmenn. Vidare er det føreslege å flytte heimelen for vassforskrifta frå plan- og bygningslova til naturmangfaldlova. I høyringsforslaget er det lagt til grunn at endringane i ny vassforskrift skal gjelde frå 1.7.18. Førebels er det ikkje klarlagt kva for endringar som vert gjennomført.

Det går fram av høringsforslaget at vassforvaltningsplanen skal følgjast opp uavhengig av kven som er regional koordinator og kva for lov planen er forankra i.

Vassområda

Miljødirektoratet presiserer på sine nettsider at arbeidet på vassområdenivå vil bestå. Meir informasjon om dette ligg på <http://www.vannportalen.no/nyheter/2018/jan-mars/arbeid-i-vannomradene-i-2018/>. Det vert tildelt midlar til vassområda på same nivå i 2018 som for 2017. Sidan løyvingar til vassområda kjem årleg frå beviljingar i statsbudsjettet, er det ikkje mogleg å gi sikre signal om finansiering for det enkelte år før statsbudsjettet for gjeldande år ligg føre.

Vassregion Sogn og Fjordane

Det er ikkje avklart om Sogn og Fjordane vil bestå som eigen vassregion eller om vassregionen vert slege saman med andre vassregionar. Det er signal om at ev. ny inndeling av vassregionar vil ta utgangspunkt i den nye inndelinga av fylka. Grensene for vassregionane vert vedteke i samband med vedtak av ny vassforskrift.

Informasjonen under om tiltaksrapportering og oppstart av planarbeidet for planperioden 2022-2027 gjeld sjølv om det skjer omfattande endringar på organiseringa av arbeidet.

Oppfølging av Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2022

Den [regionale vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram](#) er basert på kunnskap og innspel frå ulike sektorstyresmaktar, kommunar og fylkeskommune. Planen er retningsgivande. Alle sektorstyresmaktar, kommunar og fylkeskommunar har innanfor sine myndighetsområde ansvar for å følgje opp planen og tiltaksprogrammet. Resursar må setjast av til å følgje opp vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for å nå miljømåla innan oppgitte fristar

Det sentrale i planen er å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst samt å førebyggje slik at ikkje miljøtilstanden i vassdraga, grunnvatn, fjordane og langs kysten vert svekka. Dersom ein fråvik planen må dette rapporterast og grunnleggjast i den nasjonale vassdatabasen Vann-Nett. Kjem de t.d. fram til at andre tiltak må/bør gjerast enn det som står i planen for å nå miljømåla, må informasjon og grunnleggjast om dette leggast inn i Vann-Nett og nytt tiltak opprettast.

Ved rullering av relevante planer er det viktig å vurdere og implementere miljømål for vassførekomstane og å ta vare på vassmiljøet gjennom førebyggjande arbeid. I mange samanhengar er førebyggjande tiltak for å hindre dårlegare miljøtilstand den beste måten å ta vare på vassmiljøet i framtida.

Vann-Nett

Den nasjonale vassdatabasen [Vann-Nett](#) er i vinter lagt over på ein ny plattform. Alle funksjonar er ikkje ferdig utvikla enno. Når databasen Vann-Nett.no ligg føre i oppdatert versjon er det mogleg for den enkelte sektorstyresmakt å søke opp t.d. ulike påverknadar, kva for tiltak som ligg til dei, gjere kartsøk etc. Faktaark for den enkelte vassførekomst med informasjon om mellom anna påverknadar, miljømål, tilstand og tiltak er i dag tilgjengeleg.

Gjennomføring av tiltak - rapportering i Vann-Nett

Alle tiltak i planen for å nå miljømåla skal vere sett i gang innan utgangen av 2018 jf. vassforskrifta. Kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorstyresmaktar er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka innanfor sitt ansvarsområde gjennom sitt sektorlovverk. Norge vil rapportere status for gjennomføring av alle tiltak i Vann-Nett til ESA (kontrollorganet til ESA) innan 22.12.18.

I vassforvaltningsplanen er mange tiltak kalla *problemkartlegging*. Denne problemkartlegginga må vere gjennomført og målretta slik at nye tiltak for å nå miljømåla kan skisserast i 2019 og inngå i tiltaksprogrammet for 2022-2027.

Alle tiltak knytt til Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen) er lagt inn i den Vann-Nett. Her går det også fram kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka. Sektorstyresmaktar, kommunar og fylkeskommunar har ansvar for å rapportere om status for gjennomføring av tiltak for sine ansvarsområde i 2018. I Handlingsprogrammet 2016-2018 knytt til *Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion*, er denne fristen satt til 01.07.2018. Denne fristen er no endra som omtalt nedanfor. Vi skil mellom (1) kommunane i Sogn og Fjordane som er med på å finansiere prosjektleiarane i vassområda, (2) kommunane i vassområda som ligg i nabofylke (3) sektorstyresmaktane og kommunane som har valt å stå utanfor organiseringa med prosjektleiar for vassområdet (Aurland og Lærdal).

1. Rapportering for kommunane i Sogn og Fjordane (unntatt Lærdal og Årdal)

Prosjektleiarene for vassområda vil oppdatere status for gjennomføring av tiltaka i Vann-Nett for kommunane som er med på å finansiere desse stillingane (alle kommunar i Sogn og Fjordane unntatt Aurland og Lærdal). Frist for kommunane til å rapportere om status for tiltaka til prosjektleiarane er 1. juli 2018. Prosjektleiarene har oversikt over problemkartlegging gjennomført i regi av vassområda og treng ikkje tilbakemelding frå kommunane på denne type tiltak. Dersom kommunane er usikre på kva for tiltak som dei er ansvarleg for å gjennomføre, tek dei kontakt med prosjektleiar for vassområdet. Prosjektleiare for vassområda vil halde seg oppdatert endringar på vegne av dei kommunane som er med på å finansiere desse stillingane (alle kommunane i Sogn og Fjordane unntatt Aurland og Lærdal).

2. Rapportering for kommunar i Møre og Romsdal, Oppland, Buskerud og Hordaland

Kommunar som ligg i Møre og Romsdal, Oppland, Buskerud og Hordaland og som har areal i Sogn og Fjordane vassregion, avtaler med prosjektleiarane i vassområdet om kven som legg inn data om tiltaksgjennomføring, t.d. kan ein avtale at all at tiltaksrapportering går til vassområdet der kommunen har mest areal. Frist for tiltaksrapportering til vassområda i Sogn og Fjordane er 1. juli 2018.

3. Rapportering for sektorstyresmaktar og kommunane Aurland og Lærdal

Det er lagt til rette for at den enkelte sektorstyresmakt og kommunar som står utanfor organiseringa med prosjektleiar for vassområdet, får skrivetilgang til tiltaksmodulen i Vann-Nett. Sektorstyresmaktar og kommunane Aurland og Lærdal er sjølv ansvarleg for å rapportere status for gjennomføring av tiltak i tiltaksmodulen i Vann-Nett innanfor sine ansvarsområde. Frist for tiltaksrapportering er 01.09.18.

Miljødirektoratet haldt eit kurs om korleis oppdatere tiltaksmodulen i Vann-Nett 1. februar 2018. Videoopptak og presentasjonar frå kurset er tilgjengeleg på [Vannportalen](#). Miljødirektoratet gir skrivetilgang til dei som treng dette. Om du treng skrivetilgang, ta kontakt med [Sara Brækhus Zambon](#) i Miljødirektoratet. Miljødirektoratet har samla viktige råd og beskjeder om tiltaksrapportering til sektorstyresmaktar på [Vannportalen](#).

Dersom det ligg inne feil informasjon om kva for sektorstyresmakt som skal gjennomføre tiltaket i Vann-Nett, må de melde frå om feilen til prosjektleiar for vassområdet med kopi til vassregionstyresmakten og ev. føreslå kven som er rett sektorstyresmakt. Prosjektleiare i vassområdet finn fram til rett styresmakt som skal gjennomføre tiltaket og gir etaten ved regional / nasjonal kontaktperson melding om dette. Kontaktpersonen er ansvarleg for å formidle nytt tiltak til vurdering internt i organisasjonen. Alle sektorstyresmaktar bør innan 1. juli ha gått igjennom sine tiltak for å sjå om rett styresmakt for tiltaka er oppgitt. Oversikt over kva for tiltak som ligg til den enkelte sektorstyresmakt, vil kunne hentast ut frå www.vann-nett.no når Vann-Nett ligg føre i oppdatert versjon. Inntil vidare ta kontakt med [Sara Brækhus Zambon](#) i Miljødirektoratet om du treng tilgang til denne informasjonen. Den enkelte sektorstyresmakt må sjølv ta ansvar for å halde seg oppdatert i Vann-Nett for å få med seg ev. endringar.

Status for gjennomføring av prioriteringar i vassforvaltningsplanen

[Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane 2016-2022](#) gir i kapittel 3.6.1 ei oversikt over *Prioriterte sektorovergripande verkemidlar* og kapittel 3.6.2 *Prioriterte tiltaksområde i vassregionen*. Vi ber alle kommunar, fylkeskommunar og sektorstyresmaktar om å gi ein tilbakemelding om korleis dette arbeidet i dag er integrert i dykkar verksemd eller ev. planar om integrere dette innanfor eigne ansvarsområde. Vi ber om ei oversikt innan 1.7.2018.

Vi ber kommunar spesielt merke seg pkt. 1. *Arealbruk* under pkt. 3.6.1. Kommunane bør implementere m.a. retningslinene i dette avsnittet når kommunen rullerer kommuneplanen (samfunnsdelen og arealdelen) og kommunedelplan for vatn og avløp (og/eller liknande).

Regional plan for vassforvaltning 2022 - 2027

Det følgjar av vassforskrifta at dei regionale vassforvaltningsplanane skal revurderast og om nødvendig oppdaterast kvart sjette år. I ein planperiode inngår følgjande hovuddokument;

1. Planprogram
2. Vesentlege vassforvaltningsspørsmål
3. Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen)
4. Tiltaksprogram
5. Handlingsprogram (dersom vedtak av planen etter pl.b. lova)

Gjeldande vassforvaltningsplan gjeld for planperioden 2016-2022. I 2018 startar førebuingane med å revurdere planen for planperiode 2022-2027 med a) oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i

Vann-Nett og b) utarbeiding av *planprogram* og c) *vesentlege vassforvaltningsspørsmål*. Revidert plan må vedtakast innan utgangen av 2021. Alle kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorstyresmaktar må bidra inn i arbeidet med å oppdatere planen. Grunnlaget for planen er oppdatert kunnskapsgrunnlag i Vann-Nett.

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett i 2018

Fylkesmannen har ansvar for å vurdere og oppdatere kunnskapsgrunnlaget i databasane [Vannmiljø](#) og [Vann-Nett](#) og har ansvar for å koordinere prosessen med å hente inn data og annan kunnskap frå sektortyresmaktar. Alle kommunar, fylkeskommunar, og statlege sektorstyresmaktar er oppmoda om å starte med å kvalitetssikre sine påverknadar i Vann-Nett. Ta kontakt med Fylkesmannen når det er behov for å gjere endringar t.d. å endre påverknadsgraden.

Vann-Nett har vore stengt i 2 år for ny innlegging av kunnskap i samband med godkjeningsprosessen av dei regionale vassforvaltningsplanane og rapportering til ESA. Det er no eit stort behov for å oppdatere databasen. Sektortyresmaktar og kommunar som har ny fagkunnskap om vassdrag, grunnvatn og kystvatn må snarast råd og seinast **01.05.18** sende informasjonen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med kopi til prosjektleiarane i vassområdet. Kommunar kan sende datagrunnlaget til prosjektleiarane i vassområdet som formidlar datagrunnlaget vidare til Fylkesmannen (jf. e-post sendt frå prosjektleiarane i februar/mars). På grunnlag av ny informasjon vert miljøtilstanden, påverknadsgraden etc. oppdatert i Vann-Nett innan 30.06.18. [Frida Halland](#) er kontaktperson hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ho tek kontakt med rette Fylkesmann om ho får informasjon om vassførekomstar frå andre fylke enn Sogn og Fjordane.

Planprogram ev. framdriftsplan og arbeidsprogram for planperioden 2022-2027

Forslag til nytt planprogram for planperioden 2022-2027 skal leggjast ut til offentleg høyring innan 01.01.2019. Dersom ansvaret for å utarbeide dokumentet vert overført til Fylkesmannen frå Fylkeskommunen, vert dokumentet kalla framdriftsplan og arbeidsprogram. Utkast til planprogram/ framdriftsplan og arbeidsprogram vert utarbeidd hausten 2018. Eventuell endring av grenser for vassområde og vassregionen vil inngå her. Kommunesamanslåing kan føre til behov for å justere grensene for vassområda. [Planprogram frå førre planperiode](#) vart vedteke i 2011.

Innspel til revidert planprogram jf. [vedtak i Sogn og Fjordane vassregionutval 4.10.17](#), kan vente til storleiken til vassregionen vert vedteke og det er avklart om det er fylkeskommunen eller fylkesmannen som skal utarbeide dokumenta for neste planperiode.

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål 2022 - 2027

Dokumentet [Vesentlege vassforvaltningsspørsmål 2016-2022](#) vart godkjent av vassregionutvalet i 2013. Dokumentet omhandlar dei viktigaste utfordringane for vassregien. Forslag til Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for planperioden 2022 -2027 skal utarbeidast hausten 2018. Dokumentet bygger på oppdatert kunnskapsgrunnlag i Vann-Nett. Det er difor svært viktig at alle bidreg med nytt kunnskapsgrunnlag til Fylkesmannen med oppdatert kunnskap så snart som råd og seinast 1.5.18, som omtalt over. Dokumentet er eit grunnlagsdokument til vassforvaltningsplanen. Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for 2022-2027 skal leggjast ut til offentleg høyring innan 01.01.2019.

Regional plan for vassforvaltning og tilhøyrande tiltaksprogram 2022-2027

Arbeidet med å rullere/revidere vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram tek til i 2019 med m.a. oppdatering / revidering av miljømål og innspel til tiltak for å nå miljømåla.

Kontaktinformasjon

Kontaktinformasjon til prosjektleiarane og for vassområda, vassregionstyresmakt (VRM) for vassregionen, Fylkesmannen og Miljødirektoratet ligg vedlagt.

Dersom du har spørsmål om forhold nemnt i dette brevet ta kontakt med Merete Farstad, e-post merete.farstad@sfj.no.

Til orientering

Presentasjonar, oppsummering av gruppearbeid og referat frå møtet i Sogn og Fjordane vassregionutval 3. – 4. oktober 2017 ligg på [Vannportalen](#).

Med helsing

Endre Høgalmen
Assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Oversikt over fristar i 2018
Kontaktinformasjon

Mottakar (ar)

BaneNOR Postboks 4350 Bedriftssenteret 2308 HAMAR
 Buskerud fylkeskommune Postboks 3563 3007 DRAMMEN
 Fiskeridirektoratet Region vest Gate 1 108 6700 MÅLØY
 Fylkesmannen i Buskerud Postboks 1604 Bedriftssenteret 3007 DRAMMEN
 Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN
 Fylkesmannen i Møre og Romsdal Julsundvegen 9 6404 MOLDE
 Fylkesmannen i Oppland Postboks 987 2619 LILLEHAMMER
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
 Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
 Kystverket Vest Postboks 1502 5523 HAUGESUND
 Mattilsynet Sør og Vest Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL
 Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE
 Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE
 Oppland fylkeskommune Postboks 988 2626 LILLEHAMMER
 Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
 Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
 Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
 Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
 Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
 Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
 Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
 Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
 Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
 Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
 Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
 Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
 Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
 Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
 Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
 Selje kommune 6740 SELJE
 Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
 Solund kommune 6924 HARDBAKKE
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
 Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
 Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN
 Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
 Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
 Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL
 Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
 Lom kommune Midtgard 2686 LOM
 Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
 Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
 Skjåk kommune 2690 SKJÅK
 Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
 Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
 Vaksdal kommune Konsul Jepsens gate 16 5722 DALEKVAM

Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
Ål kommune Torge 1 3570 ÅL

Kopi til:

Miljødirektoratet

Klima- og miljødirektoratet

Vedlegg 1 Oversikt over viktige fristar i 2018 og noko aktivitet i 2019

Tabell 1 viser oversikt over oppgåver med frist som må utførast i 2018 og kven som har ansvar for å gjere dei. Det går fram av tabellen kven som treng informasjonen for å kunne utføre sine oppgåver i medhald av vassforskrifta. Eit par viktige oppgåver for 2019 er teke med. Forkortingar; VRM= vassregionstyresmakt. For Sogn og Fjordane vassregion er dette Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom det regionale ansvaret går over til fylkesmannen vert utvalte Fylkesmann for vassregionen kalla Regional vasskoordinator, omgrepet vassregionstyresmakt vert då lagt ned. ESA = EU sitt overvåkingsorgan

Kva	Ansvarleg for å gjere jobben	Kven skal ha /treng informasjonen	Frist
Innspel til fylkesmannen om oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, under her ev. endringar av påverknadsgrad	Sektorstyresmaktar, fylkeskommunar, kommunar	Fylkesmannen	01.05.2018
Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i databasen Vannmiljø	Fylkesmannen	VRM ev. regional vasskoordinator	30.05.2018
Oppdatering av miljøtilstand, påverknadsgrad, vassstypar ev. endringa av storleik på vassførekomstar i Vann-Nett	Fylkesmannen	VRM ev. regional vasskoordinator	30.06.2018
Status for prioriterte verkemidlar og tiltaksområde jf. kap. 3.6.1 og 3.6.2 i vassforvaltningsplanen	Kommunar, fylkeskommune sektorstyresmaktar	VRM	01.07.2018
Rapportering av status for gjennomføring av tiltak	Organiserte kommunar i vassområdeutval	Prosjektleiarar i vassområda	01.07.2018
Kvalitetssikring av om rett sektorstyresmakt er ansvarleg for tiltaka	Sektorstyresmaktar, fylkeskommunar, kommunar	Dersom feil, meld frå til prosjektleiarane for vassområda	01.07.2018
Rapportering av status for gjennomføring av tiltak	Sektorstyresmaktar, fylkeskommunar, uorganiserte kommunar Prosjektleiarar for vassområdeutvala	Oppdatering i tiltaksmodulen Vann-Nett.	01.09.2018
Rapportering av status for gjennomføring av alle tiltak i Norge	Miljødirektoratet/Norge	ESA	22.12.2018
Revidering av miljømål i Regional plan for vassforvaltning 2022-2027		VRM ev. regional vasskoordinator	2019
Innspel til tiltak i tiltaksprogrammet for 2022-2027		VRM ev. regional vasskoordinator)/	2019

Vedlegg 2 Kontaktinformasjon Sogn og Fjordane vassregion

Kontaktinformasjon kunnskapsgrunlaget og Vann-Nett

Fylkesmann	Kontaktperson	Telefon	E-post
Sogn og Fjordane	Frida Halland	57 64 31 28	fmsffha@fylkesmannen.no

Kontaktinformasjon koordinering av vassforvaltningsplanen og vassregionen

Vassregion/ Fylkeskommune	Koordinator for vassregionen	Telefon	E-post
Sogn og Fjordane	Merete Farstad	97742381	merete.farstad@sfj.no

Kontaktinformasjon vassområda

Vassområde	Prosjektleder for vassområda/Vassområdekoordinator	Telefon	E-post
Nordfjord	Staffan Hjøhlman	90402661	staffan.hjohlman@sfj.no
Sunnfjord	Staffan Hjøhlman	90402661	staffan.hjohlman@sfj.no
Ytre Sogn	Christian E. Pettersen	47639165	christian.pettersen@sfj.no
Indre Sogn	Christian E. Pettersen	47639165	christian.pettersen@sfj.no

Avsender: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Lekanger
NO



41359-330-32

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ
NO

Oppfølging av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane 2016-2021

Sogn og Fjordane fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing
Sogn og Fjordane fylkeskommune

